

**Referat frå samlinga i
Nasjonalt Museumsnettverk for Kulturlandskap
Lillehammer 25. – 27. august 2014**



Deltakarar:

	Namn		Institusjon
1	Anders	Hagen	Maihaugen
2	Anita	Estensen	Grimstad bys museer
3	Anita	Knudsen	Dømmesmoen i Grimstad
4	Aud	Ross Soberg	De Heibergske Samlinger
5	Bjørn	Mølmen	Maihaugen
6	Ingvild	Austad	Høgskulen i Sogn og Fjordane
7	Jan-Arve	Lund	De Heibergske Samlinger
8	Katarina	Wedelsbäck Bladh	Nordmøre museum Surnadal - Svinvik arboretet
9	Kjell	Krogstad	De Heibergske Samlinger
10	Kjetil	Monstad	Havrå
12	Kristina	Bjureke	Naturhistorisk museum, UiO
13	Kåre	Hosar	Maihaugen
14	Leif	Hauge	Høgskulen i Sogn og Fjordane
15	Magne	Vikne	Havrå
16	Marie	Pettersson	Musea i Sogn og Fjordane
17	Marit	Adelsten Jensen	Havrå
18	Reidar	Svegarden	Maihaugen
19	Stig	Hoseth	Anno Museum
20	Tore Einar	Johansen	Sør-Troms museum avd. Trondenes historiske senter
21	Tove	Mostrøm	Havrå
22	Vivian	Stølen	Grimstad bys museer

Velkommen ved Jostein Skurdal, administrerende direktør for Stiftelsen Lillehammer museum.

Presentasjonsrunde

Alle deltakarane presenterte seg sjølve og sitt museum/institusjon, for at alle skulle bli betre kjende.

Nytt frå Nettverket

- Leif Hauge, Høgskulen i Sogn og Fjordane, presenterte boka *Trær og tradisjon – bruk av lauvtrær i kulturlandskapet* som han har skrive saman med professor Ingvild Austad. Denne boka er eit sluttresultat av det fyrste prosjektet til museumsnettverk for kulturlandskap.
- Jordbruksoppgjeret 2014. I samband med jordbruksoppgjeret vart det sendt ut e-postfor å sjå om det var mange museum som fekk statleg støtte og som eventuelt vart råka av oppgjøret. Då det berre var tre museum som svara at dei mottok støtte gjekk nettverket ikkje vidare med saka.
- Primus for levende samlingar-prosjekt i nettverket utarbeidde i fjor framlegg til standard og kravspesifikasjon for levande samlingar. Kulturrådet hadde dette ute på høyring. Gruppa har no ønskje om å utvikla sjølve databasen. Søknaden frå i fjor vart ikkje innvilga grunna reduksjon av Kulturrådet si økonomiske råde. Venteleg vert søknaden innvilga dette året.

- KulturNav – web-plass for å skapa, forvalta og distribuera felles open terminologi og autoritetar med fokus på behovet hjå museum og andre kulturarvsinstitusjonar.
- Kulturrådet ber om kommentarar til rapporten om arbeidet med implementering av UNESCO sin konvensjon om vern av immateriell kulturarv. Frist 22. september. Kommentar: Nettverket bør koma med innspel. Send innspel til Marie før 10. september så tek ho det vidare derfrå.
- Utlysing av utviklingsmidlar for 2015
- Miljødirektoratet: Høyring av framlegg til forskrift om framande organismar. Kommentar: dette er særst viktig for dei som jobbar med hageplantar.

Norsk Hagebruksmuseum og vegen vidare v/ Vivian Stølen, Grimstad bys museer

Innleiingsvis fekk vi ei innføring i historia og fredingsprosessen av Dømesmoen. Vi vart og kjende med økosystem, kva ulike typar hagar som er der i dag og om ulike typar formidling og arrangement. Norsk Hagebruksmuseum har hatt tilhald på Dømesmoen sidan 2001.

Grimstad bys museer og Dømesmoen er no inne i ein konsolideringsprosess med ulike utfordringar. Kor går vegen vidare? Det er i år laga ein museumsplan fram mot 2019 der det m.a. er lagt vekt på aktiv formidling der folk er velkomne året

rundt. Stikkord i nyttevekst-avdelinga er dyrking, foredling og bruk. Forsking på frukt og grønt er eit anna satsingsområde. Det er og ønskje om å byggja opp eit fagbibliotek.

Istandsetjing og skjøtsel av frukthagen på Havrå v/ Kjetil Monstad, Havrå

Kort introduksjon om Havrå og frukthagen der. Frukthagen består helst av enkelttre spreidde på eit stort område. Tradisjonelt var det viktig at trea ikkje stod i veggen for den tradisjonelle gardsdrifta. På fyrste del av 1900-talet var det på Osterøya vanleg å ha frukt til eige bruk og ev. til sal på ein lokalmarknad. Fleire av dei tidlegare brukarane på Havrå har hatt interesse for fruktdyrking. Faren til Johannes Torp var agent for ein planteskule og selde tre. Han planta også ein god del tre på Havrå i 30-åra. Då Johannes tok over planta han også tre og sette ut frø. Utfordringa på Havrå no er at trea i lang tid meir eller mindre har fått styra seg sjølve.

Kjetil har starta eit prosjekt der han samlar inn informasjon om trea på Havrå og om fruktdyrking generelt. Stell, poding, utplanting av nye tre og sikring av trea mot hjort inngår i den praktiske delen av prosjektet. Informasjon til publikum er også viktig. Eit delmål er å nytta frukta, gjerne i eit samarbeid med Lyngheisenteret.

Første fasen var kartlegging av frukttræa. Kartlegging av eksisterande og tidlegare tre, eplesort og tidsperiode dei er frå og ev. når det forsvann er døme data som ein prøvar å få fram. Det er ønskje om å skanna området. Så må ein vurdere om ein skal prøva å restaurere hagen til den

tilstanden den hadde kring 1950 då tunet vart freda.

Johannes Torp og Hjeltnes gartneri har så langt vore viktige støttespelarar i prosjektet.

Kulturlandskap på Trondenes v/ Tor Einar Johansen, Trondenes historiske senter

Trondenes historiske senter ligg litt utanfor Harstad. Det går ein kultursti frå byen og ut til senteret.

Trondenes historiske senter har bevaring og formidling av kulturspor som strekkjer seg over ein tidsperiode på 2000 år. Fornminna er frå sagatida medan dei meir moderne kulturspora er frå andre verdskrigen. Lenge representerte kulturminna frå krigen eit vondt minne og ein tillot at dei forfall.

Det har no vore eit ryddingsprosjekt for å avdekka kulturminna. Museet får midlar frå både fylkesmannen og fylkeskommunen i Troms for å skjøtta området. Kategoriar dei kjem under er: nasjonalt verdifulle kulturlandskap, utvalde naturtypar, RMP m.m.

Ein låner dyr (sau og kyr) for å beita området og ein slår nokre område. Slåtten føregår på tradisjonelt vis. Museet vil i framtida satse på bevaring og formidling av området.

Evaluering av etablering av slåttemark i Botanisk hage, NHM, og tankar om pedagogiske opplegg på den v/ Kristina Bjureke, Naturhistorisk museum, UiO

På Botanisk hage er det nyleg etablert ei slåttemark. Ved etableringa vart det brukt både plugg-planter og innsåing av frø. Pluggplantene har generelt overlevd godt, medan spiringa av plantene frå frøa har vist varierende resultat. Nokre artar har ikkje spirt, medan t.d. legeberonika har hatt 90% spiring. Nokre artar (ryllik, fuglevikke og engknoppurt) har teke overhand på kostnad av andre artar. For å få ei truverdig eng bør ein også vurderer større innhald av gras, slik det er no er det overvekt på urter. Sett under eitt har ein likevel hatt eit godt resultat og er godt nøgd med utviklinga av enga.

Formidling av engprosjektet er viktig. Ein har fått støtte til skilting og det er prøvd ut formidlingsopplegg med ulike erfaringar. Ein har enno ikkje funne det optimale opplegget til skuleungdom. Kristina etterlyser difor tips om gode, pedagogiske formidlingsopplegg.

Nettverksdiskusjon

Nettverket hadde sitt første møte i 2004, og som ei lita markering viste Marie og Leif eit potpurri frå alle samlingar som har vore opp gjennom åra. Nettverket har hatt omtrent same form sidan start.

Sekretariatet etterlyste gode innspel til fornying og retning for vegen vidare.

Følgjande stikkord var sentrale i denne diskusjonen:

- Fornye tiltaksdelen i nettverket si handlingsplan
- Internasjonalt arbeid
- Politisk engasjement
- Felles forskingsprosjekt

Moglege samarbeidsprosjekt:

- Dokumentasjon av Norgesgården i dag
- Immaterielt kulturlandskap og kulturarv
- Dokumentasjon av kulturlandskapet med basis i dei 11 musea som har vore vertskap for nettverkssamlinga frå 2004-2014



Byens kulturlandskap på Lillehammer v/ fylkeskonservator Kjell Marius Mathisen

Vi fekk ei innføring i utviklingstrekk frå Lillehammer by. Ideen om å byggja ein by ved Mjøsa vart reist på Eidsvoll i 1814. Ein gjekk inn for ei plassering ved enden av Mjøsa der var tradisjon med vintermarknad i februar. Mesnaelvi med tilgang til energi var og ein fordel. Namnet har byen fått etter den vesle garden Hammer. I 1827 laga Buchholz ein byplan. Byen vart delt inn i eit typisk rutemønster der Strandgata var sentral og fyrst utbygd. På 50-talet kom nye versjonar og mykje vart rive for nye modernistiske visjonar. I 1977 kom ein reguleringsplan med verneføresegner som tok vare på den gamle byen. Storgata og industriområda er i dag verna. Det er viktig å ta vare på miljø og området sin karakter.

Trass i vern er karakteren og opplevinga av t.d. Strandgata annleis om ein jamfører bilete frå i dag med bilete frå 1940.

Gågate, tilplanting, andre funksjonar, utvida butikkareal og servering er nokre element som gjer at dei lange siktlinjene i dag vert vekke.

I byen på Maihaugen er det difor viktig å formidla det som er mellom husa, fortauskantar, gatebelysning, stakitt, belegg på gata m.m.

Vandring i byen på Maihaugen

Dei fleste byhusa på Maihaugen er frå slutten av 1960-talet og 70-talet, men også tiåra før og etter er representerte. Den nye visjonen som Lillehammer hadde medførte at mange hus vart rivne, og Maihaugen fekk tilbod om å ta vare på dei.

Det vart laga ein plan for å rekonstruera eit bymiljø med 1920-talet som utgangspunkt. I rekonstruksjonsarbeidet var det viktig å få med element som var på

veg å forsvinna. Fortauskantar vert synt fram i to ulike utgåver; ein med lokal stein og i 1910 var det vanleg å ha grov granitt og skifer. Kumlokk, brannhydrant og sperre som beskytta glasvindauga er døme på andre element.

Vi besøkte også villaområdet med bygningar frå ulike hundreår og tilhøyrande hagar. Som bakgrunn for utforminga av kvar hage har ein gjennomført fotogranskning, intervju og ein har flytta planter saman med husa. Trass i at ein har eit godt bilete for korleis ting har vore, har ein vore nøgd å ta nokre val. Ofte er det ein korrekt, men komprimert verkelegheit. I forhold til vedlikehald er arbeids-krevjande element som t.d. grønsakshagar ofte kutta trass i at det gjev eit lite skeivt bilete. Det er laga ein hageplan som dekker heile området.

TYSDAG 26. AUGUST

tema: Forfatarheimane m.m.



Bjerkebæk

Sigrid Undset og bevaring av hagen v/ Nan Berntzen Skille

Introduksjon til Sigrid Undset sitt liv. Ho kom til Lillehammer i 1919, og leigde hus. Etter at *Kristin Lavransdotter* vart utgjeve

og tidleg vart ein suksess, kunne Sigrid kjøpa huset, og ho vart verande i Lillehammer. I 1924 vart det henta inn eit nytt bygg frå bygda og samanbyggt med det gamle gjennom ein svalgang. Staben som jobbar på Bjerkebæk aukar også ved dette tidspunktet.

Hagen var eit stort interesse for Sigrid, og ein kan følgja korleis den er vorte bygd opp. I hagen, så vel som i forfattarskapet, er det tre impulsar som går att: norsk bondehage, engelsk cottage house og katolikkens klosterhage. Ho har hatt fleire læremeistarar i omgangskretsen og ho har

vore inspirert av dronnings Maud sin hage i Oslo.

Undset døydde i 1949, og over tid forsvann også mange planter frå hagen. Seinare har ein prøvd å attføra desse. Sigrid førte protokoll over alle rekningar etc. og gjennom kvitteringar og gamle salsbrosjyrar frå gartneri og intervju har ein kunna identifisera mange av plantene.

Nan gav også ei omvising inne i huset.

Omvising i hagen v/ Bjørn Mølmen

I 1998 overtok Maihaugen Bjerkebæk, og det vart sett i gang eit prosjekt for å restaurera hagen. Det vart laga ein hageplan for å attendeføra hagen til 1930-talet med utgangspunkt i intervju og biletmaterial. Ikkje nødvendigvis autentisk, men slik hagen kunne ha sett ut. Ved val av planter har ein prøvt å ha planter Undset hadde. For å få eit raskt resultat er nokre kultivarar litt for moderne, men ein har også reist rundt i gamle hagar rundt Lillehammer og Asker for å få tak i planter. Hageavfall frå Bjerkebæk var tidlegare lagt i ein haug i skogen, og frå denne har ein også fått nokre frø; t.d. lungeurt.



I frukthagen er det berre 3 gamle tre att, men ein har poda 3-4 sortar, og laga 13-14 nye tre.

Bjerkebæk ligg ved eit vegkryss, og i ein periode tok kommunen ein del av hagen til veg.

Grønsakshagen er førebels meir til pynt enn til nytte.

På Undset si tid vart hagen slege som eng. Denne tradisjonen er det lite forståing for, og det har vore mange klager på ein «uryddig» hage. For å tilfredsstilla publikum er det no berre blomstereng i frukthagen medan det meste andre er klipt som plen trass i at det ikkje er historisk korrekt.

Aulestad



Aulestad var heimen til Bjørnstjerne Bjørnson, og er ein stor gard. Parken fekk dagens utsjånad på 1990-talet. Det vart m.a. laga ein sti for å leia publikum frå den opparbeidde parkeringsplassen til Aulestad på ein grei måte. Ein kan enno sjå restar etter den gamle prakthagen som fanst her tidlegare.

Fjøsen vart restaurert i 2008. Utvendig er fjøsen frå 1918 eit førebilete, men innvendig er den moderne og brukt som «kulturhus» for bygda.

Alléen planta Bjørnson i dei første åra han budde på Aulestad. Den var veldig tett planta, og inneheldt 60 tre. På 1960-talet

fekk trea omfattande frostskaider. I 1968 hogg ein ned alléen og planta nye tre. Trea mistreivst og på slutten av 70-talet gjorde ein nytt forsøk, då med unge bjørketre frå nærområdet. Det gav betre resultat.

Hagen på Bjørnson si tid var ein vanleg gardshage med frukt, bær og grønsaker. Dottera Dagny ønska etter hans død å opparbeide ein standsmessig hage. I 1918 teikna amtsgartnaren ein hage i nyfunksjonalistisk stil. Berre in del av planen vart gjennomført., t.d. parterrhagen. Opp gjennom åra er hagen vidareutvikla av slektingar til Bjørnstjerne. Den er altså ikkje heilt autentisk, men likevel ein flott museumshage.

Før reisa gjekk vidare var det og høve til ein guida omvising inne i hovudhuset.

Østre Gausdal prestegardshage



Østre Gausdal har ein prestebustad som er

rekna med å vera den største i landet. Bygningen er oppført i tre etasjar med 36 rom på over 1300m².

Det var presten Andreas Pil som førte opp huset og den tilhøyrande hagen kring 1770. Han hadde studert i København, og sikkert fått mange impulsar derifrå. Hagen har m.a. mange likskapstrekk med hagen til Ledreborg slot utanfor Roskilde.

Hagen er i dag attgrodd og minner lite om tidlegare glansdagar. Strukturar er framleis å sjå, m.a. ei kunstig grotte. Ein diskuterte korleis ein kan ta vare på ein slik hage gjennom registrering og kartlegging o.l.

Kulturlandskapet etter dei olympiske leikane

I bussen attende til Lillehammer køyrde vi forbi Hafjell og Hunderfossen og såg korleis dei olympiske leikane har endra landskapet her. På Hafjell er løype-traséane godt synlege og busetnad/hytteutbygging skil seg frå tradisjonelle utbyggingsmønster. Det var og ein diskusjon kring utbygginga og konflikten med jordbruket, ikkje minst beitande sauer. På den andre sida av dalen ligg bob-bana som ein medvite har lagt slik at ho er lite synleg i terrenget.

ONSDAG 27. AUGUST

tema: Friluftsmuseet

Kulturlandskapet på Maihaugen

Første økt var innomhus der vi fekk ei orientering om framveksten av friluftsmuseet på Maihaugen og korleis museet aktivt har jobba med kulturlandskapet. Det var og teke opp ein del utfordringar til det å driva med

levande samlingar. Etterpå var det synfaring og diskusjonar på uteområdet.

Museet opna i 1904 og omgjevnadane til bygningane hadde parkpreg. Alt i 1907 hadde Anders Sandvik visjonen om å danna ei heil bygd med kyrkje,

fellesfunksjonar, ulike typar gardar etc. Alt året etter byrja ein med å flytte den første garden, Bjørnstad, ein prosess som tok fem år. Ein byrja med å opparbeide små hagar kring gardane med planting av typiske planter som lin og humle. I 1914 vart det laga ein modell av museet. Utviklinga heldt fram, og i 1987 byrja ein arbeidet med dyrking kring Bjørnstad samt med oppføring av ulike typar gjerde.

I 1995 vart det laga ein landskapsplan i samarbeid med landbrukshøgskulen på Ås. Planen fokuserer på vegetasjonsanalyse, historie, intensjonar m.m. og er eit godt grunnlag for drifta..

Vegetasjon er brukt for å skjerma museet frå omgjevnaden og er med på å skapa skilje og avstand mellom ulike hus og tun. Ei utfordring er at skjerimplanting av blandingsskog vert open og gjev innsyn. Det gamle kulturlandskapet hadde lite tre.

Kulturlandskapet til kvart bygningsmiljø bør avspegle opphavsstaden. Dette kan vere vanskeleg å få til grunna ulike naturtilhøve og plantekrav. Andre problem er at nokre av dei plantene som er brukt gjennom åra har god spreieevne og kan

valde «vegetativ forsøpling» andre stadar på museet. Nærrområda på museet er som oftast mindre enn opphavsstaden og kan resultere at det blir for mykje tre og anna vegetasjon i hagen/nær huset.

Det å bruka husdyr i landskapspleie er viktig for å skapa eit tradisjonelt kulturlandskap, men kan og by på utfordringar. Geiter, og andre dyr, tek både det dei skal, og det som ikkje var tenkt å fjerna. Nokre gonger vart ikkje alt ete, og ein må rydde området i tillegg. Sjukdom på dyr kan også vera eit problem når ein har små areal til rådvelde.

Generelt kan ressursmangel og ulike ønskje mellom ulike fagområde på museet vera eit problem ved ivaretaking av kulturlandskap og immateriell kulturarv . Spørsmål som kom opp: Kor mykje kan ein forenkla arbeidsmetodar utan at det går ut over kunnskapsbevaring og formidling? Kva er viktigast av høgt besøkstal eller kvalitet på formidling/ oppleving? Kva kan vi tillate oss av kompromissar? Det var spørsmål som ikkje fekk endeleg svar, men utfordringar som nettverket kan arbeida vidare med.

